

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tone Selmer Skuggevik	FA - L12	17/263

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
008/2018	Formannskapet	PS	29.01.2018

Drøfting sak - regulering av nytt bustadfelt

Forslag til vedtak:

Rådmannen kjem ikkje med framlegg til vedtak

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Saka har vore til drøfting i formannskapet sak 061/2017 den 21.11.2017 og i kommunestyret sak 059/2017 den 14.12.2017. Saka vart utsett. Sjå vedlegg 1.

Kommunestyret vedtok i sak 059/2017 at kommuneplan for 2015 – 2026 vert sett opp som tema på eit kommunestyremøte tidleg våren 2018.

Det vert vurdert om det skal utarbeidast ein områdereguleringsplan for Otterstad – Trohaug, evt. ein reguleringsplan for Kleivane.

Vurdering

Saka blir no på nytt tatt inn til formannskapet (planutvalet) for vidare drøfting etter siste kommunestyret den 14.12.2017.

Planutvalet bør ta stilling til kva som bør vere tema og agenda i kommunestyret den 15.02.2017.

Forslag til agenda:

- Plankonsulent Øystein Skofteland frå Norconsult vil vert invitert i kommunestyret den 15.02.2018. Skofteland var med på å utarbeide kommuneplanen for 2015 – 2026, som vart vedteken 2015. Han vil kunne svare på spørsmål om planprosessar og konsekvensar av ulike val og prioriteringar undervegs.

- Synfaring på områda: Sæten, Kleivane, Trohaug og Otterstad.
- Drøfting av områda som er til vurdering.
- Planprosess vidare.

Konklusjon

Saka vert lagt fram for formannskapet (planutvalet) til drøfting.

Formannskapet - 008/2018

FOR - behandling:

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik orientert kort om framlegget til agenda når saka skal opp til ny handsaming i kommunestyret. Rådmannen foreslo at ein på grunn av kapasitetsutfordringar for tida på teknisk etat ventar til mars/april før ein tek saka opp igjen. I og med at det vert lagt opp til synfaring på alle dei aktuelle områda, er det og ein fordel om det ikkje er snø når ein skal på synfaring. Formannskapet slutta seg til framlegget, og saka vert sett opp på kommunestyremøtet 26. april. Som førebuing trykker administrasjonen opp Kommuneplanen til alle representantane i kommunestyret, og deler den ut på kommunestyremøtet 15. februar.

FOR - vedtak:

Formannskapet slutta seg til framlegget, og saka vert sett opp på kommunestyremøtet 26. april. Som førebuing trykker administrasjonen opp kommuneplanen til alle representantane i kommunestyret, og deler den ut på kommunestyremøtet 15. februar.

Vedlegg:

Regulering av nytt bustadområde